



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for plan og næring

Møtedato: 27.05.2014

Sak nr.: 14/2601-3

Internt l.nr.: 16831/14

Sak: 46/14

Tittel: Lakselusovervåking i Sogn og Fjordane.

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren for næring rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sjøauren og villaksen i fjordsystema kan til tider vere utsett for ei høg grad av eksponering for lakselus. Omfanget av lakseluspresset i våre fire nasjonale laksefjordar med tilgrensande fjordsystem er i dag ikkje godt nok dokumentert.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at sentrale styresmakter tek denne utfordringa på alvor, og at det nasjonale overvåkingsprogrammet for lakselus vert utvida til å omfatte alle laksefjordane i fylket, samt at det vert gjennomført undersøkingar på fleire tidspunkt av året.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet, Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til punkt 3.:

Når ordninga om verning av nasjonale laksefjordar vart vedteken av stortinget i 2007, vart det lagt til grunn at ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar skulle evaluerast så snart det er mogleg for å vurdere dei konkrete effektane for dei aktuelle laksebestandene. Det vart og varsla eit særskilt overvåkingsprogram for å få tilstrekkeleg kunnskap om bestandane og dei faktorane som påverkar dei. Evalueringa har no vore etterlyst frå havbruksnæringa over lang tid, og Sogn og Fjordane Fylkeskommune ber sentrale styresmakter om at denne evalueringa vert gjennomført så snart som råd.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesdirektøren med tilleggsframlegget til nytt punkt 3 frå Framstegspartiet, Høgre og Venstre vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Sjøauren og villaksen i fjordsystema kan til tider vere utsett for ei høg grad av eksponering for lakselus. Omfanget av lakseluspresset i våre fire nasjonale laksefjorlar med tilgrensande fjordsystem er i dag ikkje godt nok dokumentert.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at sentrale styresmakter tek denne utfordringa på alvor, og at det nasjonale overvakingsprogrammet for lakselus vert utvida til å omfatte alle laksefjordane i fylket, samt at det vert gjennomført undersøkingar på fleire tidspunkt av året.
- 3 Når ordninga om verning av nasjonale laksefjorlar vart vedteken av stortinget i 2007, vart det lagt til grunn at ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjorlar skulle evaluerast så snart det er mogleg for å vurdere dei konkrete effektane for dei aktuelle laksebestandene. Det vart og varsla eit særskilt overvåkingsprogram for å få tilstrekkeleg kunnskap om bestandane og dei faktorane som påverkar dei. Evalueringa har no vore etterlyst frå havbruksnæringa over lang tid, og Sogn og Fjordane Fylkeskommune ber sentrale styresmakter om at denne evalueringa vert gjennomført så snart som råd.